

PROGRAM 2019-2023

Miljøpartiet Dei Grøne Tokke

FOR MENNESKE OG MILJØ

Miljøpartiet Dei Grøne vil skape eit samfunn der me lever gode liv utan å øydelegge for andre. Noreg står ved eit vegskilje. Me må ta eit oppgjer med målet om å heile tida produsere meir, for i neste omgang å kjøpe og så kaste meir.

Dei Grøne ynskjer eit Noreg der unge ikkje vert sjuke av prestasjonsjag og kjøpepress. Me vil ha levande lokalsamfunn der folk har meir tid til vene og familie. Me skal framleis kunne gå tur, jakte og oppleve yrande liv i skogen. Ungane som veks opp skal framleis kunne fiske i fjordar og innsjøar. Livet i havet skal ikkje bli kvelt av plast. Folk skal kunne ete mat som er produsert på ein berekraftig måte, basert på norske ressursar. Kommunane i Noreg skal vere med og kjempe mot klimaendringar, slik at også dei som kjem etter oss kan ha gode liv.

Å velje miljøvenleg bør bli det enklaste og rimelegaste alternativet, uansett kor i landet du bur! Me lovar å støtte dei som har idear og pågangsmot til å skape nye, grøne arbeidsplassar.

BEREKRAFTIG UTVIKLING I VEST-TELEMARK

Lokallaget til MDG har tru på meir samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark. Frå 2020 er me del av eit nytt storfylke, Vestfold og Telemark. Då vert det endå viktigare å stå saman og kjempe for felles interesser. Det er meir som bind oss saman, enn det som skil. Kommunesamanslåing kan bidra til å styrke lokaldemokratiet, men det føreset lokalt eigarskap til prosessen. Dei Grøne ynskjer å auke kommunane sitt økonomiske handlingsrom og arbeide for desentralisering av makt frå stat til kommune. Me vil jobbe for sterke, levande bygder.

Vest-Telemark er ein region med mange ressursar. Me vil arbeide for ei langsigktig forvaltning av desse. Det ligg store moglegheiter i å utvikle nye næringar og arbeidsplassar basert på berekraftig bruk av det som finst lokalt. Me vil at Vest-Telemark skal ta på den grøne leiartrøya!

Felles mål for Dei Grøne i Vest-Telemark

- Etablere eit nytt interkommunalt samarbeid om planarbeid innan klima- og miljø, biologisk mangfald, arealutnytting, klimatilpassing og berekraftig næringsutvikling. Nasjonale og regionale prioriteringar stiller omfattande krav til det kommunale planverket. Det er viktig å sikre midlar til Vest-Telemark frå nye tilskotsordningar.
- Utvikle Vest-Telemark Kraftlag til å bli ein sterkare pådrivar innan det grøne skiftet i regionen. Til dømes ved ei ny satsing på solenergi.
- Vidareutvikle Renovest IKS som regional kompetanseverksemnd innan sirkulær økonomi, med ei auka satsing på ombruk og attvinning. Etablere fleire ombruksstasjonar og endre prissystemet slik at det i større grad lønar seg å sortere og attvinne.
- Vern av særleg sårbar natur i heile regionen og satsing på eit berekraftig reiseliv.

KVA VIL MDG I TOKKE KOMMUNE?

Me bur i ein flott kommune rik på natur, kultur og gode folk med variert kompetanse. MDG ynskjer å bidra positivt inn i pågåande politiske diskusjonar og vegval, ved å vere faktaorienterte og ha omtanke for menneske og miljø.

LANDBRUK, NÆRING OG UTVIKLING

Landbruk er vår viktigaste næring. Norsk landbruk er i verdsklassen og det skal me ta vare på og utvikle. Klimaendringar og global uro gjer det særskilt viktig å auke sjølvforsyningsgraden og satse på ein produksjon basert på lokale ressursar. Når mange bruk vert lagt ned og berre dei store klarer seg, er det ein trugsel mot både mattryggleik og lokalsamfunn. MDG i Vestfold og Telemark har programfesta å jobbe mot denne utviklinga og støtte prosjekt for auka busetjing på ledige bruk i distrikta.

Skogbruket spelar ei nykelrolle i det grøne skifte. Skog og mark er enorme karbonlager og halvparten av alle truga arter er knytte til skog. Klimavenleg skogsdrift og auka bruk av tre som byggmateriale er viktige saker for MDG. Det finst store moglegheiter i nyskapande bionæringer og me vil jobbe for å få til slike etableringar i vår region, basert på bruk av lokale råstoff.

I Tokke er det viktig å sjå heilskapleg på samspel mellom bygdene og tettstadene. Me treng kvarandre og må satse på dei kvalitetane som kjenneteiknar kvar plass.

MDG vil

- Vere pådrivar for nytt prosjekt i Tokke/Vest-Telemark for busetjing på fråflytta bustader og gardsbruk. Slik kan me sleppe til folk med initiativ og stimulere til meir liv i bygdene.
- Satse på lokalmat. Kommunen kan bidra med kompetanse og praktisk tilrettelegging for å gjøre det enklare å produsere og distribuere. Utvikle Dalsmarken som arena for marknadsføring og sal av lokalmat.

- Etablere kommunal støtteordning for bønder som ynskjer å gjøre miljø- og klimatiltak. Dette kan omfatte omlegging til meir klimavenlege driftsformar og lokal utnytting av solenergi. Prioritere ressurs som kan drive aktiv rådgjeving for å sikre tilskot til landbruket frå regionale og nasjonale ordningar.
- Få fortgang i arbeidet med ny reguleringsplan for Dalen sentrum. Finne eigna tomter for utvikling av ulike slag attraktive bustader. Innføre krav til estetikk og byggjeskikk.
- Jobbe for etablering av framtidsretta grøne næringar i Høydalsmo, til dømes produksjon av biokull av skogsavfall.
- Arbeide for å få til ei løysing for Eik prestegard i Lårdal, som sikrar at hus og eigedom vert teke vare på og brukas som bustad.
- Primært jobbe for å behalde skulen i Åmdals Verk, ut frå tilstrekkeleg elevgrunnlag. Sekundært krevje ei grundig vurdering av ny bruk av skulebygningen, til beste for utvikling og trivsel i bygda.

NATUR OG KULTUR

Menneska er djupt knytte til og avhengige av fungerande økosystem. Å bry oss om desse er å bry oss om oss sjølve og dei som kjem etter oss. Difor vil me setje naturen si tolegrense som ramme for all politikk. Tokke kommune forvaltar store naturverdiar. Det er noko me skal vere stolte av i ei tid der intakt natur er mangelvare. Me vil jobbe for at naturen som ressurs og eigenverdi vert teken vare på og forvalta etter berekraftige prinsipp.

Kulturlivet i Tokke er også mangfaldig. Me trur at ei meir målretta satsing på formidling av kulturarven, nyskapande tiltak og samarbeid mellom ulike aktørar vil gje gode resultat for trivsel og næring i kommunen. I det nye fylket vil MDG arbeide mot framlegg om sentralisering i museumssektoren. Vest-Telemark Museum er ein viktig institusjon som me skal behalde og styrke.

MDG vil

- Ta vare på Lårdalsåi og seie tydeleg nei til utbygging av småkraftverk i dette siste intakte vassdraget i Vest-Telemark.
- At Tangane på Dalen ikkje skal bli utbygd, men framleis vere eit viktig friluftsområde for fastbuande og turister.
- Vere engasjert i miljørevisjonen for Tokke/Vinje-vassdraget. MDG vil på fylkesnivå jobbe for ny handlingsplan for vern av storauren.
- Formidle kunnskap om naturverdiane i Tokke gjennom skilting, nettside og andre tiltak. Særleg i bryggjeområdet/Tangane, på bryggja i Lårdal og i Bandaksli.
- Føreslå ny skjøtselsplan for utvalde vegstrekningar, der attgroing i dag hindrar opplevinga av Tokke-naturen. Innarbeide insektvenleg, smart kantslått i skjøtselsplan for kommunale vegar. Hindre spreiing av framande artar.
- Jobbe for å få laga ein kommunal plan for kultur og idrett i Tokke. Få til ei meir målretta satsing basert på eksisterande ressursar, der offentlege, private og friviljuge spelar på lag.
- Satse på «Den lokale skulesekken» - at kjennskap til og oppleving av lokale tradisjonar og kulturuttrykk skal bli ein endå meir integrert del av opplæringa på alle trinn, i barnehage, skule og voksenopplæring.
- Fylgje opp vedteken plaststrategi, utvide denne til å omfatte landbruksplast. Ha ein nullvisjon for plast og søppel på avvegar. Kommunale verksemder skal gå føre i dette arbeidet.
- Byte ut gummigranulatet på kunstgrasbanen med meir miljøvenleg dekke.

SKULE, HELSE OG LIVSKVALITET

Ved å satse på barnehage, skule og oppvekstmiljø vil me hjelpe barn og unge til å bli trygge og sjølvstendige menneske, med gode føresetnader for å meistre utfordringane livet byr på. Leik er det viktigaste barn gjer. Vest-Telemark vidaregåande skule er ein særskilt viktig aktør for Tokke og heile regionen. MDG vil støtte arbeidet for at skulen kan sikrast gode rammevilkår og ha eit variert studietilbod.

Grøn politikk vil redusere helseskader frå stress, prestasjons- og forbrukspress og fremje sikker, sunn mat. Sjuke og pleietrengande menneske skal få trygg omsorg og behandling. Det er avgjerande at ein har eit godt samarbeid mellom kommunalt nivå, sjukehus- og spesialistteneste. Me vil ha forsvarlege arbeidstider for helsepersonell i kommunen og lytte til dei tilsette når ein skal prioritere midlar.

MDG vil

- At skulestartarane må få moglegheit til å halde fram med leiken og oppleve læring i naturen.
- At IT-satsinga i skulen, særleg for dei yngste, må balanserast mot andre praktiske og teoretiske læringsverktøy.
- Støtte byggjeprosjekt for ny barnehage i Høydalsmo.
- Arbeide for at bebruarane på helseinstitusjon får rike dagar gjennom å skape rom for jamlege møte med natur, dyr og kultur.
- Prøve ut tilbod om gratis transport til Åmot ved tannbehandling for dei som treng det. Ordning for samkjøring, i samarbeid med tannhelseklinikken.
- Arbeide for å ta vare på Moen gard på Dalen. Greie ut om bygningane kan takast i bruk som nærmiljøsenter, utstyrssentral og møteplass for lokale lag og Friviljugsentralen.

SAMFERDSLE

Dei Grøne vil ha levande lokalsamfunn med gode transportløysingar. Me treng ein samferdslepolitikk som tek vare på matjord og naturverdiar og legg til rette for effektiv nytte- og persontransport. I distrikta, der bilen mange stader er einaste alternativ, vil MDG prioritere godt vegvedlikehald og trafikksikring.

MDG vil:

- Aktivt fylge opp vedteken Trafikksikringsplan for 2019 – 2022. Med særleg vekt på tryggleiken for skuleborn.
- Støtte prosjekt Sykkelbygda Dalen
- Jobbe for å få etablert fleire ladestasjonar i kommunen
- Halde fram kommunen sitt arbeid med å få utbetra fylkesveg 45 ved Vrengen bru i Eidsborg.



Benedikte Nes, 1. kandidat

Eg er 42 år gammal, gift og har 3 gutter i alder 4 til 10 år. Bur på Dalen og jobbar som biblioteksjef i Tokke. Det eg manglar av politisk erfaring, skal eg kunne ta igjen når det gjeld engasjement! Eg er blitt veldig glad i Tokke kommune og har lyst til å vere med og bidra til ei positiv samfunnsutvikling i åra framover, - for menneske og miljø.



Britt Eide Lio, 2. kandidat

Eg er 52 år gammal, gift og har 3 born. Bur på Dalen og jobbar som revisormedarbeider. No har eg gått inn i politikken for fyrste gong, av di Miljøpartiet Dei Grøne traff meg mest. Eg har lyst til å gjøre ein forskjell og kunne sjå at dei som kjem etter og skal kunne ha ei god framtid. Det må bli enklare å velje miljøvenlege alternativ!



DESSE STILLER TIL VAL FOR MDG I TOKKE I 2019:

1. Benedikte Nes (1977), Dalen
2. Britt Eide Lio (1966), Dalen
3. Lisa Høstberger (1990), Mo
4. Gunnar Sandvik (1962), Høydalsmo
5. Pernille Sørdal (1977), Eidsborg
6. Alice Haukelidsæter (1961), Dalen
7. Helga Songøygard Battin (1989), Mo
8. Jostein Hellevik (1960), Skafsa
9. Juan Gutierrez-Maupome (1961), Eidsborg
10. Elena Merkourieva (1977), Dalen
11. David Hauer (1974), Dalen
12. Montserrat Ontiveros (1960), Eidsborg
13. Daniel Høstberger (1974), Mo
14. Sofie Rorgemoen (2000), Dalen
15. Bjønn Fauske Lysdahl (1956), Skålebygdi
16. Trine Storlien Sørensen (1974), Dalen

Bli betre kjent med oss på:

- vestfoldogtelemark.mdg.no
- [@MDGVestTelemark](https://www.facebook.com/MDGVestTelemark)
- [@partiet](https://twitter.com/partiet)
- [@tokkemdg](https://www.instagram.com/tokkemdg)

#formenneskerogmiljø

trykt på 100% miljøvennlig papir